



Arkivnr: 2014/13889-3  
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		17.02.2016

### Aktivitetsmidlar for 2016 - søknad frå Trygg Trafikk

#### Samandrag

Trygg Trafikk sine til årlege aktivitetsmidlar vert dekkja over Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett. Distriktsleiaren utarbeidar kvart år ein søknad til FTU med omtale av dei planlagde aktivitetane det kommande året. Søknaden for 2016 er på 570.000 kr, og det er sett opp fem hovudaktivitetar, - i tillegg kjem posten til diverse utgifter. Fylkesrådmannen rår til midlane vert tildelt slik det går fram av søknaden.

#### Forslag til vedtak

Trygg Trafikk Hordaland vert tildelt 570.000 kr i aktivitetsmidlar for 2016.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 07.01.2016****Bakgrunn**

Trygg Trafikk sine til årlege aktivitetsmidlar vert dekkja over Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett. Distriktsleiaren utarbeidar kvart år ein søknad til FTU med omtale av dei planlagde aktivitetane det kommande året. Søknaden for 2016 er på 570.000 kr, og det er sett opp fem hovudaktivitetar, - i tillegg kjem posten til diverse utgifter.

**Om aktivitetsmidlane til Trygg Trafikk**

Aktivitetsmidlane til Trygg Trafikk er ei ordning som ligg fast, og er regulert gjennom eigne avtalar. Midlane vert å hente frå FTU sitt budsjett. Aktivitetsmidlane er grunnlaget for distriktsleiaren sine oppgåver i fylket.

Kjerneområda til Trygg Trafikk har tradisjonelt vore retta mot born og unge, og i stor grad vore trafikkopplæringsaktivitetar i barnehage og skule. Dette er framleis særleg viktig område for Trygg Trafikk, samstundes som det går klårt fram av søknaden at arbeidet med «Trafikksikker kommune» er eit stort prosjekt og viktig satsingsområde som distriktsleiaren i Hordaland vil bruke mykje ressursar på. Dette er i samsvar med Hordaland fylkeskommune sine særskilde satsingsområde, og målsetjing om godkjenning av 10 kommunar i inneverande planperiode.

I den grad det er trong for det så ønskjer distriktsleiaren å ha handlingsrom til å kunne omdisponere mellom tiltaka og aktivitetane innanfor råma på 570.000 kr. Distriktsleiaren vil til ei kvar tid kunne rapportere til FTU på bruk av midlane gjennom året, i tillegg til den faste årsrapporten. Ved større budsjettendringar innanfor aktivitetsmidlane, så kan FTU be om at dette vert lagt fram som eiga sak.

**Aktivitetsmidlane i ulike fylke**

Det er ei fastsett ordning at Trygg Trafikk sine distriktsleiarar får midlane til sine aktivitetane gjennom den einskilde fylkeskommune og FTU. Totalråma til aktivitetsmidlane varierer, og heng sjølvsagt saman med storleiken på fylket og kostnader rundt dei ulike satsingsområda og tiltaka.

Når det gjeld Hordaland så har det dei siste åra vore ei auke i aktivitetsmidlane til Trygg Trafikk. I 2014 fekk Trygg Trafikk 340.000 kr, og i 2015 fekk Trygg Trafikk 380.000 kr. Søknaden for 2016 er difor relativt stor slik sett, men heng saman med nye arbeidsoppgåver og – metodar, og ikkje minst store prosjekt som Trafikksikker kommune.

Samanliknar ein midlane dei ulike distriktsleiarane har til rådevelde (Trygg Trafikk sine fylkesvise årsrapportar, 2014) så ligg Hordaland langt under mange av dei andre fylka. Dette gjeld også om ein ser på søknadssummen distriktsleiaren har sendt inn for aktivitetsmidlar på 570.000 kr i 2016. Særleg aktuelle fylker for Hordaland å samanlikne seg med er Rogaland, Sør-Trøndelag og Akershus.

**Andre utgifter knytt til distriktsleiaren sitt arbeid**

Når det gjeld distriktsleiaren sine utgifter til husleige, reise, kontorhald og liknande vert også dette dekkja over fylkeskommunen sitt budsjettet, men er ikkje ein del av aktivitetsmidlane. Midlane vert ført som ein eigen post i driftsbudsjettet til fylkesvegane.

**Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Distriktsleiaren sitt arbeid er vidareutvikla dei siste par åra, og fylkesrådmannen ser at det vert arbeid godt med dei ulike prosjekta. Oppfølginga og koplinga til fylkeskommunen sin handlingsplan og nasjonale målsetjingar er godt fundert. Fylkesrådmannen vurderer det slik at det grunnlag for sjå nærare på det faktum at rāmene i andre samanliknbare fylke er høgare enn i Hordaland. Det vil difor verte arbeidd med å synleggjere dette gjennom ein oppdatert oversikt som kan leggjast fram for FTU i eit seinare møte.

Fylkesrådmannen rår til midlane vert tildelt slik det går fram av søknaden.